



## Notat

Dato: 21.06.2018  
Arkivsak: 2016/2358-7  
Saksbehandlar: josaksd

---

**Til:** Hans-Christian Engum

---

**Frå:** Jostein Aksdal, Øystein Skår, Endre Sten Nilsen

---

### **Kulturminnefagleg innspel til E16 - Vossebanen Arna - Stanghelle - Planprogram**

Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegginga. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med omsyn til tema kulturarv er det viktig at ein legg opp til ein vid definisjon og tar med lokalt forankra kulturminne. Utgreiinga må i stor nok grad gjera greie for nær og fjernverknaden tiltak vil få. I den grad sekundær infrastruktur slik som kryss, vegframføring ligg føre som alternativ må og desse vera del av konfliktvurderinga.

#### **Delstrekning A Arna- Takvam og delstrekning B Takvam-Trengereid**

Gjennom Arnadalen går den freda jernbanen mellom Midttun og Trengereid. I tillegg går den historiske postvegen til Christiania. Vi ber om at planarbeidet tek omsyn til desse kulturminna. I Trengereid kan vi sjå at det blir store inngrep i kulturlandskapet. Vi ber om at ein ser på avbøtande tiltak for å redusere verknaden av vegen.

#### **Delstrekning C Trengereid – Vaksdal**

Ut i frå dei tilrådde forslaga vil ein ny trase få mindre konsekvens for dei registrerte kulturminneverdiane i området. Det er likevel utfordring med omsyn til sentrumsfunksjon som må vurderast vidare.

#### **Delstrekning D Vaksdal – Stanghelle/Helle**

Utfordring her er å få ei god sentrumslysning, flytting av stasjonsområdet vil verka negativt inn på eldste del av bygningsmassen i området. JD3 og flytting av stasjonsområdet vil slik få størst negativ innverknad på tettstaden på Stanghelle.

#### **Automatisk freda kulturminne**

Fylkeskonservatoren kan ikkje sjå at det tilrådde alternativet for jernbane vil kome i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne, då tiltaket vil gå i tunnel frå Arna til Vaksdal. Det tilrådde alternativet for E16 vil gå i to tunnelar frå Arna til Trengereid. Kryssløysning på Trengereid kjem ikkje i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne, men kan ha potensiale for funn av ukjende kulturminne. Undersøkinsplikta jf. § 9 i kulturminnelova må oppfyllest i dei områda der det er aktuelt i samband med reguleringsplan.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.